



Rutineskildring

Kyrjekaffi-vertar i Stedje kyrkje

Føremål

Ordninga med kyrjekaffi-vertar skal sikre at det er eit tilbod om kyrjekaffi etter gudstenesta etter oppsett terminliste.

Rutineskildringa gjeld for kyrjekaffi bak i kyrkja.

Stedje sokneråd har ansvar for kyrjekaffi i samband med presentasjon av konfirmantane om hausten og gudsteneste ved konfirmantane om våren. Dette er kyrjekaffi på kyrkjebakken eller under overbygget framføre kapellet.

Arbeidsoppgåver - ansvarsfordeling

- Soknerådet set opp halvårige terminlister for kyrjekaffi med fordeling på dei kyrjekaffi-vertane som står på lista – som regel to personar kvar gong. Terminlista vert sett opp i samarbeid med soknepresten.
- Kyrjekaffi-vertane har ansvar for å ha med termosar med kaffi og te, mjølk/fløyte og kaffimat. Dette kan vere kake, kjeks eller frukt.
- Vertane har ansvar for sjølve serveringa. Kaffimaten kan gjerast klar før gudstenesta er ferdig, til vanleg under siste salmen.
- Kyrkjetenar set fram bord, glas/koppar, serviettar, saft og korg til eventuelt kjeks.

Gruppeleiar

Gruppeleiaren din: <namn, telefon, e-post>
--

Gruppeleiaren sine oppgåver er mellom anna å vere med å rekruttere nye medarbeidarar, ta imot dei, lære dei opp og følgje dei opp.

Dersom du har spørsmål eller tilbakemeldingar som gjeld tenesta som kyrjekaffivert, kan du ta kontakt med den som er gruppeleiar.

Informasjon om faste samlingar

Den som er gruppeleiar for kyrjekaffivertane, vil 1-2 gonger i året samle alle vertane til eit møte – der de t.d. kan utveksle erfaringar og kome med framlegg til endringar. Du vil òg verte invitert til medarbeidarsamling – til vanleg i september. Her vil du kunne møte frivillige frå alle seks sokna.

Rutine ved byte av teneste eller forfall

Dersom du har forfall, er det fint om du kan gjere avtale om byte av dag direkte med ein av dei andre kyrkjekaffivertane. Du må deretter gje melding om bytet via telefon eller SMS til både gruppeleiaren din og kyrkjekontoret, m. 400 19 587.

Kyrkjekontoret melder vidare til kyrkjetenaren.

Om bytet skjer etter kl. 15.00 på fredag, må du gje melding direkte til kyrkjetenar, m. 456 04 249. Dersom du ikkje finn ein vikar, må du så raskt som mogleg gje melding til gruppeleiaren.

Kyrkjekontoret

- Sender ut liste/oversyn over kven som er kyrkjekaffi-vertar kvart halvår
- Kan bidra med rekruttering.
- Legg namn, tlf. og e-post til nye medarbeidarar inn i datasystemet.

Revisjon

Alle rutineskildringane skal kontrollerast ein gong for året (august) eller oftare om det vert gjort endringar. Det er soknerådet som har ansvar for dette – etter eventuelle innspel frå gruppeleiar – sjå årshjulet.